

## KSK-notat nr.: 78/2014 - Bakgrunn for vedtak - småkraftverk

Søkjar/sak: **Skår kraftverk SUS/Skår kraftverk**

Fylke/kommune: Møre og Romsdal/Ørsta

Ansvarleg: Øystein Grundt :

Sakshandsamar: Siri Merethe Fagerheim :

Dato: 23.09.2014

Vår ref.: 201105971-52

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.*

## Søknad om løyve til Skår kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal

### Innhald

|                                      |    |
|--------------------------------------|----|
| Samandrag .....                      | 1  |
| Søknad .....                         | 3  |
| Høyring og distriktsbehandling ..... | 6  |
| NVE si vurdering .....               | 15 |
| NVE sin konklusjon .....             | 24 |

### Samandrag

Asbjørn Skår, Johan K. Skår og Stein Skår søker om løyve til å utnytte eit fall på 237 m i Skårelva til kraftproduksjon. Inntaket er planlagd etablert på kote 240 og kraftstasjonen på kote 3. Vassvegen skal gravast ned på heile strekninga på austsida av elva. Om lag 900 m av Skårelva vil få redusert vassføring. Skår kraftverk er planlagd med ein installasjon på 2,5 MW.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 6,4 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei tre siste åra (2011–13) har NVE klarert om lag 1,4 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei konsesjonsgjevne tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og satsinga på fornybar energi.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til kraftverket må ikkje verknadane bryte med dei føringane som er gjeve i Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for utbygging av små kraftverk. Vidare må dei samla ulempene ikkje vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. NVE kan setje krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Ørsta kommune rår til at løyve blir gjeve då dei er positive til at fossen blir urørt og at søkjar tek ansvar for straumforsyninga til Skår. Fylkesmannen i Møre og Romsdal rår frå løyve på grunn av konsekvensane for landskapet. Slepp av minstevassføring gjennom dei grove lausmassene gjer at elva ikkje blir synleg på utbyggingsstrekninga. I tillegg vil tiltaket føre til tap av INON i eit prioritert fjordfjell område. Møre og Romsdal fylkeskommune saknar kartlegging av kulturminne og kulturmiljø og meiner det er eit stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet. Fylkeskommunen meiner det er avgjerande at utbyggingane ikkje skadar Hjørundfjorden som eit viktig reiselivsmål ved å redusere vassføringar i viktige landskapselement og syner til satsinga på hurtigruteanløp i Hjørundfjorden.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er negative til planane og rår frå løyve på grunn av dei store negative konsekvensane for landskap og den samla belastninga av kraftutbygging på fjordlandskapet. Vassdraget er spesielt fordi det er så samanhengande visuelt leseleg frå fjorden til fjella omkring. Lausmassane i elveløpet fortel korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet. Sjølv om den nedre delen av Skårelva er lite synleg i tørre periodar, meiner FNF den er viktig for landskapet. FNF meiner det bør vere storsamfunnet sitt ansvar å sørge for straumforsyning til Skår. Miljøpartiet De Grønne (MDG) Ørsta/Volda er negative til utbygginga fordi dei meiner den vil gå på tvers av friluftslivsinteressene og turistsatsinga i området. Tussa Nett AS opplyser om at utbygging føreset legging av ny sjøkabel på 4 km frå Sæbø til Skår.

NVE meiner at sjølve inntaket blir liggande noko skjult, og legging av rørgata gjennom utmark og dyrka mark gjer at desse anleggsdelane ikkje vil få store konsekvensar for landskapet. Fråføring av vatn derimot, vil etter NVE sitt syn få store konsekvensar i eit landskap som er svært eksponert og av nasjonal verdi. Fjordlandskapsrapporten har vurdert Skårelva til å ha stor inntrykksstyrke og at utbygginga gjev eit middels til stort bidrag til den samla belastninga på fjordlandskapet. NVE er einig i denne vurderinga og har lagt stor og avgjerande vekt på dei negative konsekvensane tiltaket vil få for fjordlandskapet i Hjørundfjorden. I tillegg har vi lagt noko vekt på at utbygging av Skårelva vil vere uehdlig for friluftslivet i området.

**Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegnene meiner NVE at ulempene ved bygging av Skår kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt.**

## Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad fra Asbjørn Skår, Johan K. Skår og Stein Skår , datert 23.1.2013:

*« Grunneigarane Asbjørn Skår, Johan K. Skår og Stein Skår ønskjer å utnytte vassfallet i Skårelva, og søker med dette om følgjande løyve:*

1. *Etter vannressursloven, jf. § 8, om løyve til:*
  - *å bygge Skår Kraftverk etter dei framlagde planane i søknaden etter hovudalternativet.*
2. *Etter energiloven om løyve til:*
  - *bygging og drift av elektriske anlegg og overføringskabel som omtala i planane.»*

## Skår kraftverk, endelig omsøkte hovuddata

| TILSIG                         | Hovudalternativ     |
|--------------------------------|---------------------|
| Nedbørfelt                     | km <sup>2</sup>     |
| Årleg tilsig til inntaket      | mill.m <sup>3</sup> |
| Spesifikk avrenning            | l/s/km <sup>2</sup> |
| Middelvassføring               | l/s                 |
| Alminneleg lågvassføring       | l/s                 |
| 5-persentil sommar (1/5-30/9)  | l/s                 |
| 5-persentil vinter (1/10-30/4) | l/s                 |

## KRAFTVERK

|                                   |                    |      |
|-----------------------------------|--------------------|------|
| Intakt                            | moh.               | 240  |
| Avløp                             | moh.               | 3    |
| Lengde på aktuell elvestrekning   | m                  | 900  |
| Brutto fallhøgd                   | m                  | 237  |
| Midlare energiekvivalent          | kWh/m <sup>3</sup> | 0,53 |
| Slukeevne, maks                   | l/s                | 1280 |
| Minste driftsvassføring           | l/s                | 50   |
| Planlagt minstevassføring, sommar | l/s                | 22   |
| Planlagt minstevassføring, vinter | l/s                | 0    |
| Tilløpsrøyr, diameter             | mm                 | 700  |
| Tunell, tverrsnitt                | m <sup>2</sup>     | -    |
| Tilløpsrøyr, lengde               | m                  | 875  |
| Installert effekt, maks           | MW                 | 2,5  |
| Brukstid                          | timar              | 2540 |

## PRODUKSJON

|                                  |     |      |
|----------------------------------|-----|------|
| Produksjon, vinter (1/10 - 30/4) | GWh | 2,31 |
| Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)  | GWh | 4,24 |
| Produksjon, årleg middel         | GWh | 6,35 |

## ØKONOMI

|                   |         |     |
|-------------------|---------|-----|
| Utbyggingskostnad | mill.kr | 26  |
| Utbyggingspris    | kr/kWh  | 4,1 |

## Skår kraftverk, elektriske anlegg

### GENERATOR

|          |     |     |
|----------|-----|-----|
| Yting    | MVA | 3,0 |
| Spanning | kV  | 6,6 |

### TRANSFORMATOR

|           |       |        |
|-----------|-------|--------|
| Yting     | MVA   | 3,0    |
| Omsetning | kV/kV | 6,6/22 |

### NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

|                   |    |     |
|-------------------|----|-----|
| Lengde            | km | 4,5 |
| Nominell spenning | kV | 22  |
| Sjøkabel          |    |     |

## Om søkjær

Søkjær er grunneigarane og fallrettshavarane Asbjørn Skår, Johan K. Skår og Stein Skår. Skår kraftverk SUS er under stifting.

## Skildring av området

Skårelva har sitt utspring frå den austvendte fjellsida, aust for Skårasalen (1542 moh.) og Kvistadkjerringane (1433 moh.). Nedslagsfeltet er i hovudsak relativt bratt, men ved Skårasætra på kote 500 er det eit flatt parti. I nedbørfeltet er det to mindre vatn og ein breandel på 5 %. Frå kring kote 440 stuper elva nedover berga i ein foss godt synleg frå fjorden heilt ned til kote 220. Vidare ned til Hjørundfjorden renn elva ein rett nordleg kurs og i aukande grad i lausmassar der rullestein og blokker dominerer botnsubstratet. Elva blir årleg tilført morenemasser frå snøfonner. Elvemassane er stadig i rørsle grunna flaumar og ras som gjer at elva finn seg nye løp. Kraftstasjonen er planlagt på kote 3, rett ved fjorden.

Gardshusa på Skår er plassert på einaste plassen der det er rekna å vere trygt for snøras. Skår ligg veglaust til på vestsida av Hjørundfjorden sør for Sæbø.

Den dominante bergarten er gneis, nokre stader migmatittisk. Desse gjev grunnlag for ein nøysam og fattig flora. I rikare sig finst det likevel nokre svakt basekrevjande artar.

Skår ligg i midtre fjordstrøk, men klimaet er likevel å rekne for å vere relativt oseanisk. Sjølve utbyggingsområdet vil hovudsakleg ligge i sør- til mellomboreal vegetasjonssone.

## Teknisk plan

### Inntak

Det er planlagt å bygge ein betongterskel med overløpsprofil med høgd 1-2 m på kote 240. Tilstrekkeleg volum i dammen blir sikra ved utsprenging. På sørsida av dammen blir det sprengt ut plass for eit ventilkammer og ein indre dam som blir skilt frå hovudløpet med ein skiljevegg. Dette for å verne seg mot snø- og isras. For å unngå overstikkande bygg i dette skredutsatte området planleggast det ventilkammer.

### Vassveg

Fra inntaket 240 moh. vil det bli lagt 875 m med rør av duktile støypejern i nedgraven grøft på sørsida av elva. I øvre del av rørgata vil ein truleg måtte sprengje ut grøfta gjennom bl.a. ein rygg. Diameteren på røret er berekna til om lag 700 mm. I anleggsperioden vil rørtraseen med veg bandlegge ei bredde på 15-20 m.

### Kraftstasjon

Kraftstasjonen er tenkt plassert i sjøkanten ved fjorden på kote 3 og, i følgje søknaden, på ein ras-sikker stad. Sjølve bygget vil ha ei grunnflate på 90m<sup>2</sup> og bli arkitekteinaka. Det er planlagt installert ein fleirstråla Pelton-turbin med yting 2,5 MW. Generatoren får ei yting på 3,0 MVA og spenning på 6,6 kV. Transformatoren skal ha ei yting på 3,0 MVA og med omsetning på 6,6/22 kV/kV.

### Nettilknyting

Skår kraftverk vil bli tilknytt eksisterande nett ved å legge ein 4,5 km lang 22 kV sjøkabel til Sæbø. Det er ikkje mogleg å bygge luftlinje langs fjorden til Sæbø. I dag får Skår elektrisitet frå ein 1000 V sjøkabel frå Lekneset. Anleggsbidraget er ikkje fastsett. Mørenett AS, tidlegare Tussa Nett AS, er områdekonsesjonær.

### Veg

Eksisterande veg frå ferjekaia skal forsterkast for å bli brukt som anleggsveg. I øvre del av rørgata skal det byggast ein 470 m lang anleggsveg opp til inntaket ved sida av rørgata. Denne vegen vil bli svært bratt, og etter bygging skal den vere eit køyrefast del av terrenget som vil vere køyrbar med traktor og ATV. Til kraftstasjonen skal ein 185 m lang eksisterande traktorveg opprustast og bli ein permanent grusveg. Breidda på permanente vegar og mellombelte vegar bli på 3 m og noko breiare i svingar. På ei 250 m strekning med lauvskog vil det bli rydda skog i ei breidde på 15-20 m.

### Massetak og deponi

Det vil i følgje søknaden ikkje vere behov for masseuttak og deponi. Overskytande masser frå sprenging av grøft vil bli knust på dyrka mark og nyttta som overfylling av rør.

### Arealbruk

For å gjennomføre utbygginga vil det vere behov for areal til rørgate og til midlertidige og permanente anlegg som vist i tabell henta frå søknaden.

| Inngrep             | Midlertidig<br>arealbehov (daa) | Permanent – nytt<br>arealbehov (daa) | Ev. merknader |
|---------------------|---------------------------------|--------------------------------------|---------------|
| Reguleringsmagasin  | 0                               | 0                                    |               |
| Overføring          | 0                               | 0                                    |               |
| Inntaksområde       | 0,75                            | 0,3                                  |               |
| Rørgate (vannvei)   | 11                              | 0                                    | Køyrefast del |
| Riggområde          | 2                               | 0                                    |               |
| Veier               | 1                               | 1                                    |               |
| Kraftstasjonsområde | 1                               | 0,5                                  |               |
| Massetak/deponi     | 0                               | 0                                    |               |

## Forholdet til offentlege planar

### Kommuneplan

Området på Skår er i kommuneplanen sin arealdel definert som landbruk, natur- og friluftsområde, sone C. I kommuneplanen står det at *"innanfor desse områda kan det bere gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell næring som har direkte tilknyting til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast, men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormynde ikkje har merknader"*.

### Samla plan for vassdrag

Utbygginga er ikkje i konflikt med samla plan for vassdrag.

### Verneplan for vassdrag og andre verneområde

Skårelva er ikkje med i Verneplan for vassdrag og er heller ikkje føreslege verna. Det søkte område er ikkje omfatta av andre verneplanar.

### Inngrepssfrie område (INON)

Tiltaket vil føre til ein reduksjon på om lag 0,6 km<sup>2</sup> av INON sone 1 (3-5 km) og 0,9 km<sup>2</sup> av INON sone 2 (1-3 km unna tyngre tekniske inngrep) i området Maratind – Utolhornet – Kjerringøyra. Dette INON-arealet går frå fjord til fjell.

### Nasjonale laksevassdrag

Prosjektet er ikkje knytt til eit nasjonalt laksevassdrag.

### Eventuelle fylkesvise eller kommunale planar for småkraftverk

Det er ikkje utarbeidd overordna plan for småkraftverk i Møre og Romsdal eller i Ørsta kommune. I Møre og Romsdal sitt framlegg til fylkesplan for perioden 2013 til 2016 er ikkje utbygging av småkraft nemnt spesielt, men det er framheva i samband med verdiskaping generelt at *«det er viktig å sikre krafttilgang og areal som kan gi grunnlag for bærekraftig vekst»*.

## Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale saman med 13 andre søknadar i Ørsta og Volda. NVE var på synfaring i området den 10.9.2013 saman med representantar for tiltakshavar og Forum for Natur og Friluftsliv. Søkjær har fått høve til å kommentere fråsegnene.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringer er referert der slike finnast. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentatar til søknaden:

**Ørsta kommune** vedtok følgjande på formannskapsmøtet den 4.6.2013:

*«Ørsta kommune ser svært positivt på den auka verdiskapinga med inntil 59 Gwh årleg ny rein energi. Verdiskapinga vil gi grunnlag for næringsutvikling og busettnad, som utbygging av småkraftverk vil kunne gi i dei ulike bygdelag i kommunen. Minstevassføring og tidvis overløp vil bidra til at dei gode landskapsopplevingane vil oppretthaldast.*

(...)

*Skår kraftverk vert tilrådd konsesjon – kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urørt og at utbyggar tek ansvar for straumforsyninga til Skår.»*

I saksframlegget frå administrasjonen blir det gjort greie for planstatus i området, og Skårelva i forhold til landskap, friluftsliv, turisme, skred, og biologisk mangfald.

Vi siterar vidare frå saksframlegget:

*«For den einskilde grunneigar vil inntekt frå sal av kraft kunne bety mykje økonomisk. I Prosjektet på Skår ligg også ei opprustning av fergekai og bygdeveg og søknaden vert vidare grunngjeven med at kraftverket vil utløyse ein ny sjøkabel som vil sikre framtidig straumforsyning til bygda. Det er likevel stor usikkerheit i kva grad ein kan legge tilgrunn at ei utbygging på Trandal eller Skår vil vere med å sikre framtidig busetjing og drift av kulturlandskapet der.*

(...)

*"Planlagt kraftstasjon ved Skarbøelva og Skår vert svært synlege frå sjøen. Kulturlandskapet nede ved sjøen der kraftstasjonen på Skår er planlagt bygd er særprega og ein viktig del av fjordlandskapet. Dette er ikkje staden for monumentale kraftstasjonar. Det vil vere viktig med god utforming og tilpassing i landskapet. Dette må avklarast nærmere i dispensasjonssak. Ein bør vurdere å flytte kraftstasjonen ved Skarbøen ovanfor vegen."*

(...)

*Utbygging av mange små kraftverk innanfor eit fjordlandskap slik det no vert søkt om vil føre til bortfall av fleire viktige landskapskompleks, som elvar, fossar og stryk, noko som vil ha verknad for landskapet sin karakter og særtrekk. Kvart einskilt inngrep kan isolert sett ha avgrensa konsekvens, men summen av fleire inngrep kan medføre store konsekvensar i høve opplevingsverdiar knytt til landskapet. I tillegg har summen av slike inngrep også liknande konsekvensar i høve tap av viktige naturtypar, men også som leveområde for artar som i utgangspunktet kan vere relativt vanlege. I Stortingsmelding 26 (2006-2007) står: "vassdragene skal forvaltes gjennom helhetlig arealpolitikk som sikrer vassdragslandskap, vassdragsbelter og vannressurser". Olje - og energidepartementet (OED) sine "Retningslinjer for små vannkraftverk" omhandlar bl.a. fjordlandskapet og peikar på at ein må være spesielt merksam på den samla verknaden av fleire inngrep og effekten av ei "bit for bit" utbygging.*

(...)

*Skårelva er også eit viktig landskapselement med si plassering midt i Hjørundfjorden og godt synleg langs hovudferdselsåra over fjorden, ved innseglinga til Norangsdalen. Ved planlagt minstevassføring vil kun delar av Skårelva vere synleg (vedlegg 6 i søknaden). Først ved ei vassføring tilsvarende middelvassføringa vil tilnærma heile vasstrengen vere synleg.*

*Røytraseen på Skår vil likevel i større grad enn dei Helgåa og Indre Trandal gå over dyrka areal og kunne revegetere raskare. Inntaket er også søkt nedanfor sjølve fossen. Det er såleis først og fremst fråføringa av vatn som vil vere problematisk her. Røytraseen må elles gå gjennom ein markant steingard like nedanfor fellesfjøsen. Vi vurderer omsøkte utbygging på Skårelva slik det er planlagt som betre tilpassa omgjevnadane enn søknadane på Helgåa og Indre Trandal.*

(...)

*Oppsummering:*

*Kommunen har vedteke ei satsing på småskala turisme og reiseliv som grunnlag for framtidig busetjing og næringsutvikling i og langs Hjørundfjorden. Fjordlandskapet med vassdrag og fossar er eit viktig grunnlag for ei slik satsing.*

*Utbygging av småkraft vil kunne gje eit tilskot til fornybar energi og inntekter lokalt, men vil i eit slikt omfang som no vert presentert kunne endre fjordlandskapet sin kvalitet vesentleg. Dette vil vere uheldig i høve prioriteringa av turisme som framtidig leveveg i og langs Hjørundfjorden og vesentleg redusere opplevingsverdien i høve natur og friluftsliv. Levande vassdrag og fossar er den viktigaste merkevara i fjordlandskapet. Det vil vere eit stort tap om dei fleste vassdrag/fossar i Hjørundfjorden vart bygd ut og redusert slik at dei ikkje lengre bidrog til landskapsbilete i særleg grad. Vi har også eit ansvar for å ivareta nokre representative vassdrag urøyrt og viktige naturtypar for ettertida.»*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal** har gitt fråsegn i brev datert 3.6.2013.

Fylkesmannen rår i frå utbygging av Skår kraftverk utifrå landskapsomsyn. Hjørundfjorden er, slik Fylkesmannen ser det, eit av våre nasjonale fjordlandskap, kanskje på linje med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Karakteristisk for dette landskapet er m.a. ein svært djupt nedskoren fjord innramma av fjellmassiv av ekstrem karakter, med strie elver og lange fosseslør. Slike fjordlandskap er unike i verdssamanheng og er blitt ei merkevare for reiselivet i Noreg. Fylkesmannen meiner at det vil vere svært viktig å ha att så mange urørte vassdrag i området at ein ikkje svekkjer dei unike landskapsverdiane.

Fylkesmannen minner om at naturtypen elveløp er komen på raudlista i kategori NT (nær truga) og at konsekvensane av ev. nettforsterkingar må vere med i NVE si samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging. Samla sett så vil den største reduksjonen i INON skje i dei områda som Fylkesdelplan for INON (2000) prioriterer som viktige å oppretthalde. Fylkesmannen ønskjer seg ei noko tydelegare konkretisering av verknadane for vegetasjonen langs vassdraget og meiner at det burde ha vore ei vurdering av naturtypen fossesprøytssone etter kriteria i DN-handbok-13. Fylkesmannen rår til ei størst mogleg minstevassføring i elva ut ifrå omsynet til det terrestriske naturmiljøet og fordi vasstilknytte organismar er avhengige av ei viss naturleg vassføring.

Vi siterer frå saksframlegget:

«...

*Vassdraget ligg svært eksponert mot Hjørundfjorden. Søkjar har forkasta eit tidlegare alternativ med inntak ovanfor den markerte fossen. Dette gjer at den mest inntrykkssterke strekninga av vassdraget ikkje vil bli rørt. Ved ei utbygging som omsøkt er det oppgitt at restvassføringa nedanfor inntaket vil bli på 14 % av dagens vassføring. Den nedre del av utbyggingsstrekninga består av relativt grove lausmassar. Ei auka minstevassføring ut over det som er omsøkt vil neppe gje vesentleg effekt. I søknaden er det visualisert at ein må opp i mengder som tilsvarar middelvassføringa for at vassdraget blir synleg. Det betyr at ein i lange periodar ikkje vil ha synleg vassføring på utbyggingsstrekninga (jfr. Vassføringskurvene i søknaden).*

*I rapporten om samla belastning på landskapet i Hjørundfjorden er konsekvensane for Skår vurdert til middels/stor negativ, like bak Helgåa og Indre Trandal. Fylkesmannen er samd i kommunens vurdering i at utbygginga i Skårelva er meir tilpassa omgjevnadene enn dei omsøkte tiltaka i Helgåa og Indre Trandal. Vi er likevel klart i tvil om dette prosjektet bør realiserast.*

Når det gjeld brukarinteressene har vi ikkje vesentlege merknader. For å kome til Skå er ein avhengig av båt. Området er derfor ikkje særleg nytta til friluftsliv utanom meir lokal bruk. Det er likevel registrert aukande interesse for å gå Skårasalen - Little Skåradalen.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfrie naturområde) sone 2 med ca. 0,88 km<sup>2</sup> og sone 1 med ca. 0,56 km<sup>2</sup>. Dette vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Sjølv om arealet ikkje er vesentleg, er dette er likevel klart uheldig. Tiltaket vil også redusere ein del av inngrepsfri sone som går frå fjord til fjell. Sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) er lite representert i utbyggingsområdet.

(...)

#### Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og rår i frå søknaden. Skårelva ligg svært eksponert til mot Hjørundfjorden og bortfall av vatn på utbyggingsstrekninga vil klart redusere landskapsverdiane i området. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.»

**Møre og Romsdal fylkeskommune** har gitt fråsegn i brev datert 8.5.2013, med tilslutning frå fylkesutvalet i møte den 27.5.2013.

Fylkeskommunen saknar kartlegging av kulturminne og kulturmiljø, og det vil være naudsynt å gjere arkeologisk registrering i forhold til undersøkingsplikta og § 9 i kulturminnelova. Det blir peikt på at det er eit stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet (kote 3) og at det truleg er behov for registrering med gravemaskin. Det er registrert 4-5 SEFRAK-registrerte kulturminne relativt nær elva.

Det blir uttalt at bygging av småkraftverk vil betre straumforsyninga i fylket og auke delen fornybar energi, og gje auka verdiskaping og næringsutvikling som vil kome kommune, lokalsamfunn og den einskilde grunneigar til gode.

Fylkeskommunen legg òg vekt på konsekvensar for reiseliv og uttalar følgjande:

«Hjørundfjorden (med Norangsfjorden og Storfjorden) er i ferd med å utvikle seg til å bli ein juvel i reiselivssamanheng. Av mange hevda å bli "den nye Geirangerfjorden". Det er allereie per i dag mange reiselivsaktørar i Hjørundfjorden og fleire miljø/aktørar er i startgropa for utvikling av spennande reiselivsprodukt i Hjørundfjorden. Hausten 2013 vil Hurtigruta ha anløp i Hjørundfjorden med Urke som islandstigningshamn i ein periode på 8 veker, og mykje tyder på at dette er ei langsiktig satsing for Hurtigruta. Cruiseskip har også varsla sin ankomst til Hjørundfjorden.

Ved etablering av småkraftverk i Hjørundfjorden, er det svært viktig at ein legg vekt på det visuelle uttrykket i naturen og kulturlandskapet. Fjord Norge regionen si sterkeste merkevare er fjordlandskapet, der vassdrag og fossar er ein viktig del av dette biletet. Det ville vere eit tap i reiselivssamanheng dersom dei fleste vassdrag/fossar i fjorden blir (sterkt) redusert slik at dei ikkje lenger bidrar særleg mykje til landskapsbiletet. Ei skånsom utbygging der ein tar omsyn til faktorar som er viktige for reiselivet vil truleg ikkje gi negative verknader.

Andre anleggsinngrep som for eksempel vegskjeringar og røygater i dagen, kan også gi ein klar reduksjon av opplevinga i dette området. Det er avgjerande at dette blir vektlagt og at utbyggingane i Hjørundfjorden ikkje skadar fjorden som eit viktig reiselivsmål. Det kan få negative følgjer for reiselivsnæringa i området.»

Fylkeskommunen viser elles til at Søre Sunnmøre vassområde ikkje har konkrete planer i Skårelva, men at det kan fremjast forslag om tiltak i fleire vassdrag, og har følgjande innspel som vassregionmyndigkeit:

*«-Ved nye inngrep i ein vassforekomst er det i § 12 i vassforskrifta lagt stor vekt på å avgrense negativ påverknad. For å kunne følge opp dette i etterkant, vil det vere eit vilkår at ein har tilstrekkeleg kunnskap om miljøtilstanden knytt til vassdraget før utbygging.*

*- Saksbehandlinga av søknadane må samordnast med tiltaksanalysearbeidet i Søre Sunnmøre vassområde.*

*- Ein ber om at det blir retta særskilt fokus på dei anadrome elvestrekningane, slik at kraftutbygginga ikkje er til hinder for vandring, reproduksjon og levesett for laks og sjøaure. Ein må her også sjå på sumverknad av eventuell påverknad/reduksjon av laks- og aurebestanden i området.»*

**Statens vegvesen Region midt** uttaler i brev datert 13.3.2013 at dei på generelt grunnlag ikkje har merknader til småkraftverk om det ikkje fører til uheldige trafikale forhold langs offentleg veg.

**Tussa Nett AS** skriv i brev datert 20.3.2013 at det i følgje Statnett ikkje er ledig kapasitet i sentralnettet til innmatting av produksjon før 420 kV-leidningen Ørskog-Fardal blir sett i drift i løpet av 2015. Dei skriv vidare følgjande med relevans for Skårvatnet:

*«Det er ikkje 22 kV nett på Skårvatnet i dag. Forbruket på Skårvatnet blir forsynt på ein 1000 V sjøkabel frå Leknes. For å få transportert produksjonen i Skårvatnet til Sæbø, må det leggjast ein 22 kV sjøkabel på om lag 4,0 km frå Skårvatnet til Sæbø.»*

**Istad Nett AS** uttaler i brev datert 25.3.2013 at dei stiller seg bak brevet frå Tussa Nett AS.

**Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF)** har gitt fråsegn i brev datert 10.5.2013. Dei gir i innleiinga uttrykk for at behandling av søknader i pakkar stiller store krav til høyringspartane, og at føre-var-prinsippet blir viktigare enn ved behandling av enkeltsaker. Problematikken om samla belastning blir òg drøfta, og det blir etterlyst ei tilsvarende vurdering for Austefjord-området, slik det er gjort for Hjørundfjorden. Vidare visar FNF til NVE sin rapport 2-2010 «*Etterundersøkelser ved små kraftverk - Sumverknadar på landskap*» som konkluderer med at sumverknadane er akseptable der eksponerte fossefall ikkje er tillate bygd ut, og at vegbygging i samband med tiltaka står for ein større del av landskapsinngrepa enn forventa.

I forhold til biologisk mangfold, peiker FNF på at når det blir eit større utbyggingstrykk i elvane, vil reserverevir bli viktigare for sårbare artar som strandsnipe, fossekall, oter og fleire hakkespettarartar. FNF drøfter òg problemstillingar når det gjeld bruk av lokale kunnskapskjelder, og saknar ei vurdering av om dei påståtte positive konsekvensane av småkraftutbygging som ”vekst og trivsel” har slått til. Samstundes blir det vist til ny dokumentasjon av at vatn og vassdrag blir høgt verdsett som kjelde til naturopplevingar. Det blir òg etterlyst større vektlegging av fagområde som friluftsliv, estetikk, landskap og kulturverdiar, og FNF meiner at det òg for desse tema burde vore stilt krav til kunnskapsgrunnlaget på same måte som for biologisk mangfold.

I samband med vassforskrifta sine miljømål, meiner FNF at det kan være naudsynt å avslå løyve til småkraftverk i vassdrag der utbygging kan føre til at miljøtilstanden kan bli redusert til dårlegare enn «god tilstand». Det blir vist til at ein i arbeidet med vassforskrifta har peikt på at det kan vere aktuelt å stille strengare miljøkrav ved kraftutbyggingsprosjekter og andre inngrep i vassdrag, og at revisjon av konsesjonsvilkår kan vere aktuelt for nokre kraftverk for å betre miljøtilstanden. Behandlinga av småkraftsøknader i Ørsta og Volda må trekke mot dei same måla som Søre Sunnmøre vassområde.

FNF meiner det er eksempel på at linjenett og -kapasitet kan vere avgrensande for produksjonen i små kraftverk. Dette kan ikkje vere argument for at nye kraftverk må få løyve. NVE må elles sjå nødvendig utbygging av linjer og anna infrastruktur i samanheng med småkraftsøknadane. FNF peiker òg på at småkraftverk har liten produksjon når kraftbehovet er størst.

FNF viser elles til gjennomførte etterundersøkingar i samband med små kraftverk, som viser at det er nødvendig med betre kontroll med at vilkåra til løyva blir følgd. Konkrete tema er nemnt, og det er vist til FNF sine eigne erfaringar som inneber skepsis til nye kraftutbyggingar pga. avvik mellom kva det er gitt løyve til, og kva som er bygd.

Avslutningsvis i dei generelle merknadene blir det føresett at det må krevjast at den beste teknologien blir brukt for å avgrense miljøkonsekvensane, til dømes coanda-inntak.

Når det konkret gjeld Skårelva kraftverk, har FNF følgjande fråsegn:

*«Vassdraget på Skår er spesielt fordi det er så samanhengende visuelt leseleg frå fjorden som frå fiella kring- Dette er godt dokumentert av Miljøfagleg Utredning si vurdering av inntrykksstyrken. Vi vil også vise til fylkeskonservatoren si vurdering; «kulturminne som Skår er i denne samanheng av stor verdi».*

*Verdien av Skårlandskapet, både som kulturlandskap og som landskapselement i Hjørundfjorden vil bli sterkt redusert om nær 800 meter av vasstrekken forsvinn. I tørre periodar er den nedre delen av elva lite synleg, men ho er der og er viktig for landskapet. Og lausmassane i elvebotnen og langs kantane av elvefaret fortel korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet Skår, slik hurtigruteturistar og andre kan undre seg over naturens arbeid. Vi ser dilemmaet knytt til attgroing, busetnad og beitetrykk. Men det må vere storsamfunnet sitt ansvar å syte for trygg straumforsyning, også til Skår.*

***Ut frå landskapsomsyn, og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord, rår vi til at Skår kraftverk ikkje får konsesjon.»***

**Miljøpartiet De Grønne Ørsta/Volda (MDG)** skriv i brev datert 7.5.2013 at mange elver i Ørsta og Volda allereie er bygd ut, og at det vil stå att svært få dersom det blir gjeve løyve til ytterlegare 14 kraftverk. Dette ville vere uheldig med tanke på artsmangfaldet, turisme og natur- og kulturopplevelsing.

MDG er positive til fornybar energi, men peiker på at utbygging av småelver vil gje varige og dramatiske inngrep i den enkelte elv. MDG ber NVE om å legge stor vekt på artsmangfaldet, samt syner til at vegbygging kan ha stor konsekvens for landskapet. MDG saknar ei samla konsekvensvurdering for linjenettet etter utbygging, og peiker på at småkraftverk bør ha ein plan for korleis dei kan bidra med beredskapsstraum ved regionale straumbrot. Det blir òg etterlyst plan for kontroll av utbyggingane, og slike bør liggje føre før konsesjon blir gjeve. Det blir peikt på at det er ein svakheit med søknadene at dei ikkje er visjonære i forhold til samarbeid med og lokalisering av landbasert fiskeoppdrett.

Når det konkret gjeld Skårelva kraftverk, er MDG i mot utbygging. MDG meiner at utbygging av elva vil mellom anna gå på tvers av friluftslivet og turistsatsinga med hurtigruteanløp til Urke.

**Tussa Energi AS**, på vegne av søkjarane, har i brev datert 23.8.2013 kome med følgjande kommentarar til fråsegnene:

«...

**Statens Vegvesen:**

*Forutset at dei vert kopla inn der det er aktuelt med vurderingar og har ikkje merknad til planane til småkraftutbyggingane på noverande stadium.*

**Kommentar:** Dette gjeld ikkje for Statens vegvesen på Skår, då det ikkje er offentleg veg der.

**Tussa Nett/Istad Nett AS:**

*Det er ikkje 22 KV nett på Skår. For å få transportert produksjonen i Skår til Sæbø må det leggjast ein sjøkabel på om lag 4 km frå Skår til Sæbø. Tussa Nett har fått konsesjon for å bygge ny 132 KV linje frå Sæbø mot Ørsta.*

**Kommentar:** I kalkyla for Skår kraftverk er sjøkabelen frå Skår til Sæbø teken med. Dagens 1000 V sjøkabel frå Leknes til Skår er gamal og ein reknar med at den har ein svært avgrensa restlevetid. Grunneigarane på Skår er svært uroa for framtidig straumforsyning, om det ikkje vert kraftverksbygging på Skår.

**Miljøpartiet de grønne:**

*Utbygging av elva vil mellom anna gå på tvers av friluftslivet og turistsatsinga med hurtigruteanløp til Urke. MDG er imot utbygging av Skårelva.*

**Kommentar:** Grunneigarane er opptekne av at Skår skal vere ein levande gard langs Hjørundfjorden og at det vil vere eit godt tiltak for friluftsliv og turistsatsing. Om det ikkje vert kraftverk ser ein føre seg mindre aktivitet på Skår som igjen kan føre til därlegare ferjekai, därleg straumforsyning, gjengrodd landskap (då det vil vert mindre beitepress og mindre rydding), samt at sannsynlegvis vil hus på gardane forfalle. Gardane Molaupen og delvis Strandabøen er typiske eksempel på gardar som har tapt seg og er gjengrodde. Dette er ikkje gode eksempel for framtidig turisme og friluftsliv, då det er dei levande fjordgardane fjordturistane ynskjer mest å sjå.

**Fylkeskommunen:**

*4-5 SEFRAK registreringar relativt nær elva, potensiale for funn av kulturminne under markoverflata. Truleg behov for registrering med gravemaskin. Fylkeskommunen er oppteken av auka verdiskaping som vil gi grunnlag for næringsutvikling og busetnad i distriktet, og dei gode ringverknadane til lokalsamfunnet som utbyggingane vil gi. Fylket er opptekne av at utbyggingane ikkje skadar med tanke på reiseliv og endra landskapsbilete.*

**Kommentar:** Kulturminne-registreringar vil verte gjort ilag med fylkeskommunen i forkant av detaljplanlegginga, som vil skje etter konsesjonsvedtak. Det er bra at fylket ser dei gode ringverkandane som kraftutbygginga vil gi. Ei bygging av kraftverk på Skår vil i byggjetida gi ein del sår i landskapet, men etter få år vil dette gro att. Det er planen at terrenget skal naturleg reversere seg, men det kan vere aktuelt å bruke svake frøblandingar, som gir ei attgroing, men vil etter kvart døy ut og la naturlege vekstar ta over. Dette vil vere aktuelt å vurdere på erosjonsutsette stadar, og i samråd med NVE sitt miljøtilsyn. Ein levande gard på Skår, der hus, markar og utmark vert helde i hevd, og at landskapsbildet vert teken vare på, vil vere verdifullt for reiselivet.

**Forum for natur og friluftsliv:**

*Rår til at Skår kraftverk ikkje får konsesjon ut frå landskapsomsyn og ei samla vurdering av gjennomførte og planlagde småkraftverk i Hjørundfjord. Sterkt redusert vassføring på om lag*

800 m elvestrekning vil redusere både kulturlandskapet og elva som landskapslement. Ser dilemmaet med attgroing, busetnad og beitetrykk. Storsamfunnet bør syte for sikker straumforsyning, også til Skår.

**Kommentar:** Grunneigarane er strekt uroa for attgroing, straumforsyning og at framtidige generasjonar ser seg syn med arbeid og kostnader for å halde Skår i ein slik hevd at det vil vere til glede for turistar som er innom fjorden og for friluftsfolk som brukar områda på og ved Skår. Etter grundige vurderingar har grunneigarane kome til at det er rett å spare fossen til framtidige generasjonar, med inntaksløysinga under fossen som det er søkt om. Elva går kvit over dei bratte berga, sjølv ved låge vassføringar. Nedanfor inntaket går elva stort sett mellom stor elvestein og i eit djupt elveleige. Beitetrykket er redusert, og dette er tendensen på mange gardar på nordvestlandet. Det er lite som tyder på at det vert auke i beitinga. Kraftverket vil syte for sikker straumforsyning, behov for kai og det vil gi aktivitet med tilsyn med kraftverket. For grunneigarane vil dette skape inntekter, som igjen vil føre til at bygningar og kulturlandskap vil velte halde i hevd. Det tidlegare flotte gardsområde på Molaupen lenger ute i fjorden, er eksempel på korleis det kan gå når attgroinga får halde fram og bygningar forfall. Erfaringane viser at storsamfunnet har nok av andre oppgåver, enn å syte for Skår.

#### Ørsta kommune:

**Samrøystes formannskap:** Vert tilrådd konsesjon. Kommunen er positiv til at sjølve fossen vert urøyrt og at utbyggjar tek ansvar for straumforsyning til Skår. Dei er svært positiv til verdiskapinga, næringsutvikling og busetnad som småkraftutbygginga medfører. Landbruksnemda ser få umerper og konfliktar i høve landbruket. Administrasjonen rår også til at det vert gjeve konsesjon for Skår Kraftverk i si utgreiing og saksframlegg.

**Kommentar:** Det er godt at administrasjonen og politikarane i Ørsta kommune gir sterke signal om at det bør gjevast konsesjon for bygging av Skår kraftverk som planlagt. Det er tydeleg at administrasjonen og politikarane forstår at ei utbygging av Skår er viktig og rett. Administrasjonen og den politiske leiinga ser dei utfordringane som Skår står overfor og at utbygginga er tilpassa dette med at fossen vert spart for framtida.

**Fylkesmannen:** Åtvara mot utbygging av Skår kraftverk ut frå landskapsomsyn. Hovedgrunngjevinga er at elva ligg eksponert mot Hjørundfjorden og bortfall av vatn på den gjeldande strekninga vil redusere landskapsverdiane i området. Tiltaket vil gripe inn i prioritert inngrepssritt område. Fylkesmannen meiner at utbygginga er meir tilpassa omgjevnadane enn andre planlagde verk i området, men er likevel i tvil om dette prosjektet bør utbyggjast.

**Kommentar:** Fylkesmannen varslar motsegn på 3 av dei 7 søknadane ved Hjørundfjorden, åtvara mot utbygging av Skår og vil ha sterkt modifiserte utbyggingar på Klubbeneset og Skarbøen, men vil tillate utbygging av Årsetelva som ligg i verna vassdrag. Landskapsomsyn og INON er argumenta som gjer at tvilen til fylkesmannen konkludere med å rá frå utbygging. Det verkar ikkje som at gjengroing og forfall på Skår er drøfta av fylkesmannen, og at dette kan på noko sikt redusere landskapsverdiane vesentleg meir enn ei skånsam småkraftutbygging vil gi. Grunneigarane har sterkt signalisert at dei er avhengige av ei utbygging, for at dei skal ha ressursar for å halde garden Skår i hevd. Grunneigarane meiner det i lang tid har vore gjort inngrep med vegbygging, bruver, fellesfjøs osv. Eit bygg med eit lavt inntak i betong vel 400 meter ovanför enden av vegen, vil vere eit lite inngrep i forhold til skogsvegbygging som vert gjort i stor stil elles i distriktet.

**Vurdering av høyringane:** Konklusjonane i høyringane spriker noko frå svært positive til utbygging, tvil, og at det vert frårådd utbygging av Skår kraftverk. At fossen vert spart er viktig og ein reknar med at utan dette ville fleire partar vore mindre positive, og hatt fleire innvendingar til planane ut frå landskapsomsyn. Grunneigarane og deira samarbeidspartar

*meiner at den planlagde utbygginga vil verte skånsam og vil gagne Skår og Hjørundfjorden, og håpar på at det vert gitt konsesjon på bakgrunn av søknaden. Grunneigarane og Tussa som samarbeidspart ynskjer at søknaden vert handsama som søknaden av januar -13 utan forslag til endringar på bakgrunn av høyringa.»*

Etter høyringsperioden fekk vi inn følgjande fråsegn:

**Dagfinn Leira** uttalar i brev datert 25.7.2014 at NVE ikkje bør gje løyve til utbygging i Skårelva, Indre Trandalselva, Årsetelva, Skarbøelva eller Klubbeneselva då Hjørundfjorden ikkje har fleire elvar og fossar å miste. Han skriv at «*summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt*» og syner til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk. Fråsega er kritisk til arkitekturen til nokre kraftstasjonar på Sunnmøre og inneheld fleire fotografi frå området.

### Tilleggsopplysningar

I e-post den 8.10.2013 kom søker med følgjande tilleggsopplysningar om inntaket og overskotsmassar:

*«Inntak:*

*- I det forelølige prosjekteringsgrunnlaget som er gjort elektronisk på godt kartgrunnlag viser ei største grøftedybde på 3,6 m og ei grøftebotn breidde på ca 1,3 m, allereide 20 m frå inntaket vil det vere grøftedybde på kring 2,5 m. Røyrgata vil i øvre del ha eit fall på 3,3% fall. Grøftedybder på for eksempel 4 m er i korte periodar som her heilt normalt for småkraftverkprosjekt, også denne røргata vil få grøftedybder på kring 3,5 m gjennom eit par ryggar i terrenget. Vi vil gjere oppmerksom på at røyrgata ennå ikkje er ferdig detaljprosjeert, men at dette vil verte gjort før miljø og landskapsplan og sikkerhets godkjenning av røyrgata vert innsendt for godkjenning av rette fagmiljøa i NVE.*

*- Inntaket vil bli bygt i solid konstruksjon, som armert betong, og ikkje noko oppstikkande lukehus. Eit snøras vil kunne gå over inntaket. Beregningar av dammen vil etter normal praksis verte utført av godkjente firma og oversendt NVE for kontroll og godkjenning.*

*- Utfrå vår erfaring er elva ovanfor inntaket relativt lite masseførande. Det er for oss ukjent at denne delen er svært masseførande. Utfrå våre vurderinger kan det vere aktuelt å tömme dammen for lausmasse ca kvart 5 år. Om det då vil vere behov for gravemaskin eller at dette kan spylast ut via spylerør vil berre driftserfaringane kunne seie noko om. Vi vil presisere at detaljprosjetering med tanke på dette først vil verte gjort når konsesjon er gitt.*

*Overskotsmassar:*

*- Røyrgata slik den no er utstukken, så går den i ei lengd på ca 50 m gjennom nokre stein rankar som er lagt opp etter dyrking på 80 tallet (ovanfor fellesfjøsen). Desse rankane er relativt lett å flytte sideveis med gravemaskin, og evnt flytte dei tilbake når røyra er lagde. Ei mindre flytting av traseen 5-10 m slik at den går innpå dyrkamarka og at ein unngår desse rankane, kan vi vere opne for, om de ønskjer dette.*

*- Det er ikkje behov for tippar eller permanente masselager i samband med arbeidet. Massene vil verte lagra lokalt på sidene av røyrtraseen, og tilbakeført og arrondert lokalt i gravetraseen. Vi forutset her som vanleg ei god og tett oppfølging frå NVE sitt miljøtilsyn.»*

## NVE si vurdering

### Hydrologiske verknader av utbygginga

Skår kraftverk nyttar eit nedbørfelt på 4,5 km<sup>2</sup> ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 510 l/s. Effektiv innsjøprosent er på 0,33 % og delen bre i nedbørfeltet er oppgitt til 5 %. Avrenninga varierer noko frå år til år med dominerande vår- og sommarflaumar. Lågaste vassføring opptrer gjerne om vinteren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 112 og 20 l/s.

Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 22 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 1280 l/s og minste driftsvassføring 50 l/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 22 l/s i perioden 1.5. til 30.9. og ingenting resten av året. I følgje søknaden vil dette føre med seg at 86 % av tilgjengeleg vassmengd blir nytta til kraftproduksjon.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget i søknaden. Med unntak av ein noko høgre bre-andel (på 15 %) har vi ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjars sine berekningar. Alle berekningar på basis av andre målte vassdrag vil ved skalering til det aktuelle vassdraget vere hefta med feilkjelder. Dersom spesifikt normalavløp er berekna med bakgrunn i NVE sitt avrenningskart, vil vi påpeike at desse har ei usikkerheit på +/- 20 % og at usikkerheita aukar for små nedbørfelt.

Den maksimale slukeevna svarar til 251 % av middelvassføringa. Det meste av vassmengda som ikkje går i kraftverket vil kome i løpet av flaumperiodar. Dei store flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. I følgje søknaden vil det vere overløp over dammen 34 dagar i eit middels vått år. I 35 dagar vil vassføringa vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og minstevassføring, og difor for liten til at det kan produserast kraft. I slike tilfelle må kraftverket stoppe og heile tilsiget sleppast forbi inntaket. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 100 l/s ved kraftstasjonen.

NVE meiner at den omsøkte maksimale slukeevna er høg og vil ta i frå vassdraget størsteparten av den naturlege vassføringsdynamikken.

### Fjordlandskapet i Hjørundfjorden

NVE har fått utarbeidd ein rapport med vurdering av korleis utbygging av dei omsøkte småkraftverka vil påverke landskapet i Hjørundfjorden. Rapporten er utarbeidd av Miljøfaglig Utredning, og det er lagt vekt på korleis fråføring av vatn visuelt vil verke inn på landskapet, og korleis prosjekta vil redusere inngrepssri natur (INON).

Høyrispartane er positive til at søknadene i Hjørundfjorden blir behandla under eitt. Det blir understreka at fjordlandskapet er av stor og nasjonal verdi, særleg i forhold til reiselivsnæringa. Mellom anna inngår fjorden i Hurtigruta i sin ruteplan.

I saksframlegget frå kommunen går det fram at tilnærminga med å behandle søknadene samla kan erstatte ein samla kommunal plan for småkraftverk, og at ein på denne måten kan unngå utbygging av dei vassdraga som har størst verdi. Indre Trandalselva er den av elvane som skil seg ut av dei attverande som er til vurdering no, og det blir rådd til at søknaden med inntak på kote 580 blir avslått. Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til konklusjonane i fjordlandskapsrapporten, og peiker på at det er viktig at dei vassdraga som har størst verdi i fjordlandskapet ikkje blir utbygd. Fylkesmannen har motsegn til søknaden om Indre Trandal kraftverk (hovudalternativet), og rår frå at det blir gitt konesjon til Skår kraftverk. FNF og MDG saknar ei vurdering av samla konsekvens av inngrep som til dømes vegbygging.

I OED sine retningslinjer skriv dei følgjande om vurderingar i fjordlandskap:

*«Utbygging av mange små kraftverk innen et fjordlandskap kan føre til bortfall av flere viktige landskapselementer, for eksempel fosser og stryk, som ofte har stor betydning for landskapets karakter og særtrekk. Hvert enkelt inngrep kan isolert sett ha liten betydning, mens summen av inngrepene kan medføre at opplevelsesverdiene knyttet til landskapet blir sterkt forringet eller går tapt.»*

I forhold til reiseliv så er norske fjordlandskap rekna for å vere blant dei beste turistmåla i verda. Det vestnorske fjordlandskapet har landskapskvalitetar av regional, nasjonal og internasjonal verdi. Fjord Norge satsar sterkt på å utvikle nasjonal kortferieturisme basert på natur- og kulturopplevingar. I Møre og Romsdal er Hjørundfjorden utpeika som ein av to pilotar for utvikling av produkt i denne satsinga. Den korte avstanden til Ålesund gjer at Hjørundfjorden er viktig for utviklinga av Ålesund som reiselivsdestinasjon og det har t.d. gått daglege turar med cruisebåtar frå Ålesund og inn i Hjørundfjorden i fleire år.

Ei rekke små kraftanlegg i eit område med betydeleg, naturbasert reiselivsverksemnd kan verke forstyrrende for naturopplevinga og på sikt føre til redusert turiststraum og reduserte inntekter for reiselivsaktørar og samfunnet. Område som er vesentlege for å ta vare på det norske reiselivsproduktet, og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjonar der landskapet er ein vesentleg del av attraksjonen skal få stor verdi i følgje OED sine kriteria for verdivurdering i forhold til reiseliv.

- *«For områder som klassifiseres som reiselivsområder av stor verdi vil det bli lagt vekt på å unngå tiltak som reduserer verdien for reiselivet.*
- *Øg for områder klassifisert som reiselivsområder av middels verdi må det påregnes krav om prosjektilpasninger og/eller avbøtende tiltak som reduserer konflikten med reiselivsinteressene.»*

### *Elvane i landskapet*

Elvane og bekkane som har utløp til Hjørundfjorden blir omtalt i fjordlandsrapporten som karaktergivande og svært viktige for landskapsopplevinga. Av dei 4 elvane som er søkt utbygd som er til behandling no, er Indre Trandalselva og Skårelva særleg vurdert å ha stor inntrykksstyrke, medan Skarbøelva og Klubbeneselva er av mindre verdi i denne samanhengen.

Rapporten visualiserer elvane sine inntrykksstyrke i no- og ettersituasjonen, men synliggjer og talfestar òg inntrykksstyrken av ein før-situasjon, dvs. før noko utbygging av vasskraft. No-situasjonen inneber at inntrykksstyrken er redusert med ca. 14 % i forhold til ein før-situasjon. Ved ei utbygging av alle dei omsøkte prosjekta, ville denne andelen auke til ca. 24 %. Desse tala omfattar ei samla vurdering som òg inkluderer Helgåa i Norangsfjorden, ein søknad som allereie er avslege av NVE med stadfesting av OED.

NVE meiner at ein i vurderinga av samla belastning, ikkje kjem utanom at Indre Trandalselva og Skårelva er viktige for landskapsopplevinga i Hjørundfjorden. Begge elvane har høg inntrykksstyrke, og Skårelva er svært eksponert i fjordlandskapet.

Skarbøelva og Klubbeneselva har begge meir avgrensar visuell verdi. Sjølv om utbygging av dei to sistnemnde vil føre til nokså stor reduksjon i inntrykksstyrken frå elvar og bekkar i ytre del av fjorden, er dei visuelle konsekvensane likevel nokså små, fjordsystemet sett under eitt.

## *INON*

Fjordlandskapsrapporten påpeikar at utgreiingsområdet sin INON-status er ein karakter ved landskapet. Dei inngrepsfrie områda som ev. vil bli påverka av dei føreliggande småkraftsøknadene er òg prioritert som viktige område i ein fylkesdelplan for inngrepsfrie område. Ingen av søknadene vil påverke areal som ligg meir enn 5 km frå inngrep i dag («villmark»), men Indre Trandal kraftverk og Skår kraftverk vil redusere areal som ligg mellom 3-5 km frå inngrep (INON-sone 1). Det er i utgangspunktet etter måten lite areal igjen i sone 1 i fjellområda kring Hjørundfjorden, ca. 2 km<sup>2</sup> i følge fjordlandskapsrapporten. Utbygging av dei 4 omsøkte prosjekta vil halvere dette arealet.

Alle søknadene vil redusere areal som ligg mellom 1-3 km frå inngrep i dag, INON-sone 2. I alt har denne sona eit samla areal på ca. 104 km<sup>2</sup> i Hjørundfjordområdet. Det er Klubbeneselva kraftverk og Skarbøen kraftverk som vil stå for den største reduksjonen i sone 2 på høvesvis 2,7 og 1,7 km<sup>2</sup>. Ifølgje retningslinjene fra OED skal spesielt samanhengande inngrepsfreiheit frå fjord til fjell, uavhengig av sone, bli tillagt spesiell vekt. Skår kraftverk og Indre Trandal kraftverk vil redusere slike areal.

NVE meiner det vil vere uheldig med reduksjon av INON-areal, særleg sidan områda i ein fylkesdelplan er prioriterte som viktige. Vi meiner likevel at reduksjonen ikkje er så stor at det åleine er avgjerande for konsesjonsspørsmålet, men vil kunne vere eit supplerande moment i vurderinga av konsesjonsspørsmålet for Indre Trandal kraftverk og Skår kraftverk pga. reduksjonen av areal i INON-sone 1 og at reduksjonen skjer i eit prioritert fjord-fjell område. NVE meiner òg at reduksjonen av INON som vil følgje av Klubbeneselva kraftverk er eit moment i vurderinga av konsesjonsspørsmålet, sett i lys av at influensområdet grenser mot eit fjellområde av stor verdi for friluftslivet.

## *Friluftsliv*

Det er NVE si vurdering at alle søknadene i Ørsta kommune rører ved fjellområde som er viktige for friluftsliv. Temaet er ikkje spesielt omtala i fjordlandskapsrapporten, men vi meiner at friluftsinteressene bør vurderast samla då det i stor grad er knytt til landskapet generelt og fjordlandskapet spesielt.

Fjellområda rundt Hjørundfjorden og vidare mot vest blir ofte kalla «Sunnmørsalpane». Vi legg til grunn at heile dette fjellområdet i større eller mindre grad er av nasjonal verdi for friluftslivet. Dette går m.a. fram av fråsegnene frå Fylkesmannen, Ørsta kommune og FNF Møre og Romsdal.

Fjellområda aust for fjorden grensar mot Sykkylven kommune. Det går sti opp frå Trandal gjennom Litledalen, der inntaket i den opphavlege søknaden om Indre Trandal kraftverk er planlagd. Dette er ein av innfallsportane til toppturar i området, m.a. til Råna (1586 moh.) som er høgste topp i Sykkylven. Det er eit samanhengande fjellområde vidare soraustover til Slogen, som truleg er den toppen i Sunnmørsalpane som er best kjend.

På andre sida av fjorden er fjellområda mellom Hjørundfjorden, Ørsta og Storfjorden i minst like stor grad av nasjonal verdi for friluftslivet. Sentralt i dette området ligg Molladalen med Molladalstindane, og dette er mellom anna eit klassisk område for fjellsport.

Rett ovafor Skår finn vi Skårasalen, som òg er eit velkjent fjell og turmål. Dette er særleg mykje brukt til toppturar på ski på våren, og det er ifølgje søkjar for Årsetelva kraftverk minst 2500 som tar turen til topps kvart år. Ei av rutene ned frå fjellet ender på Skår.

### *Verknader av fysiske inngrep*

Fjordlandskapsrapporten har ikkje lagt vekt på dei fysiske inngrepa knytt til ev. utbyggingar, og slår fast at det vil vere reduksjon i vassføringa som vil ha størst visuell verknad over tid. Samstundes viser vi til rapport 2-2010 utgitt av NVE i serien «Miljøbasert vannføring» som slår fast at effektar av til dømes vegbygging og røyrgatetrasear kan ha store landskapsmessige konsekvensar.

Høgfjellsnaturen er spesielt sårbar for inngrep, sidan dei ofte er lett synlege på lang avstand og revegetering går svært seint. Sjølv avgrensa inngrep som følge av små kraftverk kan redusere opplevingsverdien av eit urørt høgfjellsområde fordi det bidreg til å endre området sin status og karakter. I følgje OED sine retningslinjer bør ein unngå følgjande inngrep:

- *«Inngrep i vassdrag som er del av sårbare høgfjellsområder, dersom muligheten for avbøtende tiltak er begrenset*
- *Inngrep som er svært synlige og som etterlater varige sår i naturen*
- *Store inntakskonstruksjoner og rørgater, både nedsprent og i dagen. Det er viktig å vurdere alternative plasseringer av inntak, samt muligheter for boring av vannvei – for å redusere negative virkninger og graden av konflikt.»*

### *Vurdering av dei einskilde søknadene i forhold til fjordlandskapet*

Klubbeneselva kraftverk er planlagd bygd med røyrgate i dagen med unnatak av dei nedste 100 metrane, og anleggsverksemda skal skje med taubane. Inntaket skal etablerast på kote 600, over skoggrensa i området.

NVE meiner at det i utgangspunktet er positivt at anlegget i dette bratte terrenget er planlagd med taubanedrift framfor veg. Samtidig vil òg taubanedrift innebere terrenginngrep. Storleiken på desse er avhengig av grunnforholda.

Når det gjeld rørgate i dagen, vurderer NVE dette som ei landskapsmessig uheldig løysing. Dersom det ikkje ligg føre særlege miljø- eller landskapsmessige grunnar, meiner vi på generelt grunnlag at rørgate skal gravast ned. For Klubbeneselva kraftverk sitt vedkomande, er det vår vurdering at både røyrgate i dagen og nedgrave røyr vil vere uheldig, både for fjordlandskapet og landskapet i høgfjellet.

Høyringspartane er positive til Klubbeneselva kraftverk under føresetnad av at inntaket blir flytta ned til ca. kote 400. Søkjar har i kommentarane til fråsegnene gitt uttrykk for at dette verken er teknisk eller økonomisk mogleg å gjennomføre, og det kom klart fram på synfaringa at elva i det aktuelle området går i ur og at alternativet ikkje er realiserbart.

I området ved planlagd inntak er det fast fjell på venstre side av elva, medan det på høgre side er ur. Elveløpet går i utkanten av ura, sjå biletet under. Det er NVE si vurdering at etablering av eit inntak i dette området vil innebere omfattande terrenginngrep, og at storleiken på dette ikkje kan bli fastsleger sikkert pga. usikkerheit knytt til ura si utstrekning og djupn i og nær elveløpet.



Figur 1 Inntaksområdet i Klubbeneselva

NVE meiner at inngrepet som må gjennomførast i tilknyting til inntaksområdet for Klubbeneselva kraftverk må vektleggast tungt i vurderingane. Det er avgrensa moglegheit for tiltak som kan bøte på konsekvensane. Det vil vere i samsvar med retningslinene frå OED å vere varsam med å gi løyve til inngrep i dette høgfjellsområdet.

Inntaksområdet grensar mot eit fjellområde som har stor verdi for friluftsliv, og som er ein klassisk lokalitet for fjellsport. Vi vurderer ikkje dette som avgjerande, då det truleg ikkje er innsyn frå dei omkring liggande fjelltoppane til inntaksområdet, men det vil likevel bidra til å redusere fjellområdet sitt preg av å ikkje å vere røyrd av tekniske inngrep.

Skarbøen kraftverk er planlagt med nedgrave rørgate og med permanent anleggsveg opp til inntak på kote 400, over skoggrensa. Terrenget ut mot fjorden er bratt og ein eventuell veg må gå i slynger.

Fylkesmannen, FNF og MDG er imot prosjektet slik som det er omsøkt. Dersom inntaket blir flytta under skoggrensa, utløpet blir flytta ovanfor veg og vegen ikkje blir permanent, kan dei derimot akseptere utbygging. Ørsta kommune, Fylkesmannen, FNF og MDG er alle skeptiske til permanent anleggsveg gjennom eit ope og sårbart høgfjellsterreng. Kommunen meiner at det bør setjast vilkår om at alle anleggsvegar skal vere midlertidige og leggjast langs rørtraseen. Fylkeskommunen påpeikar at anleggsinngrep som vegskjeringar kan gje ein klar reduksjon av opplevinga av dette området og meiner at det er avgjerande at dette blir vektlagt slik at utbyggingane ikkje skadar Hjørundfjorden som reisemål.

Søkjær har flytta inntaket frå opphavleg kote 415 til kote 400, om lag 130 m, for å imøtekome fråsegnene og meiner at skoggrensa vil flytte seg oppover og at det vil vere behov for veg til inntak for drift og tilsyn av kraftverket. NVE har bedt søkjær vurdere moglegheita for bruk av taubane, men dette

avviser søkjar på grunn av kostnad. Flytting av kraftstasjonen på oppsida av fylkesvegen er i følge søkjar lite aktuelt sidan dette området er bratt og vil krevje bygging av store skjeringar og murar.

NVE meiner at inntaket ligg på eit godt eigna stad med fjell i dagen på begge sider, men at det ligg i eit ope og sårbart høgfjellsterreng og at dei samla inngrepa knytt til inntak og permanent veg her oppe vil bli store og synlege i lang tid. Når det gjeld søker sitt argumentet om at skoggrensa vil flytte seg oppover så må NVE forholde seg til situasjonen slik den er i dag, sidan framtidsutviklinga er uviss. NVE meiner at dei negative konsekvensane ved plassering av inntaket på kote 400, dersom det blir nytta gode løysingar som reduserer synlegheita av inntaksdelane, er akseptable sidan det er eit godt eigna inntaksstad.

Inntaksområdet for Skarbøen grensar mot det same fjellområdet som inntaket for Klubbeneselva, men for Skarbøen sin del er området i enno større grad i ytterkant av det verdifulle friluftsområdet. Vi vurderer ikkje forholdet som vesentlig, sjølv om det i nokon grad vil bidra til å redusere fjellområdet sitt preg av å ikkje å vere røyrd av tekniske inngrep.

Ein permanent veg i den øvre delen av tiltaket er etter NVE sitt syn problematisk i forhold til konsekvensane for landskapet og vil stride imot OED sine retningslinjer som seier at ein bør unngå svært synlege inngrep som etterlatar varige sår i høgfjellsnaturen. Ein permanent veg over skoggrensa er etter NVE sitt syn uakseptabel og unødvendig og vil ved ein ev. konsesjon kun tillate ein midlertidig anleggsveg. Tilsyn i driftfasen kan etter vårt syn gjerast på ein trasé som er køyresterk.


I den nedre delen av tiltaket vil ein permanent veg i mange og bratte svingar opp gjennom den bratte lia bli godt synleg frå fjorden, men ved ein ev. konsesjon kan NVE setje krav om at den skal leggjast i store slynger og at skog skal få stå att mellom svingane slik at vegen blir mindre synleg. I tillegg meiner NVE at fjordlandskapet heilt ytst i Hjørundfjorden er mindre spektakulært enn i indre delar og at ein derfor kan tillate inngrep her ute.

Kraftstasjonen nedanfor vegen vil krevje ei utfylling av området ut i fjorden for å få plass til kraftstasjon og anleggsområdet rundt. Slik NVE ser det er dette alternativet likevel å føretrekkje sidan området over vegen er meir ueigna og vil krevje store skjeringar som vil få enda større negative konsekvensar for landskapet ved fjorden.

Fjordlandskapsrapporten vurderer Skarbøelva til å ha mindre visuell verdi og NVE er einig i denne vurderinga då elva kun er synleg ifrå ein avgrensa del frå fjorden. Dei største negative konsekvensane for landskapet er, slik NVE ser det, ikkje knytt til fråføring av vatn, men dei fysiske anleggsdelane.

NVE har lagt noko, men ikkje avgjerande, vekt på dei negative konsekvensane Skarbøen kraftverk vil få for landskapet.

Skår kraftverk blir liggande i eit landskap som er svært eksponert. Elva er godt synleg mot både Norangsfjorden inn til Urke og frå Hjørundfjorden. Utbyggingsområdet er godt synleg frå hovudferdselsåra over fjorden som er ferja mellom Leknes-Sæbø og ligg i eit område som kan skildrast som indrefileten av Hjørundfjorden. Urke er Hurtigruta si ilandstigingshamn frå hausten 2013 og derifrå ser ein rett bort på Skår.



Figur 2 Skårelva frå Leknes ferjekai

Inntaket er planlagt nedanfor fossen som er den aller mest synlege delen av elva, noko som fleire av høyringspartane har trekt fram som positivt. NVE ser positivt på slike forsøk på å tilpasse prosjekta for å redusere konsekvensane for landskapet. Frå inntaket og nedover går elva i stryk over svaberg og delvis grove lausmassar og meir i svingar. Likevel er den stort sett synleg før den heilt i nedre del går gjennom svært grove masser og forsvinn ned i massane på låge vassføringer. FNF påpeikar at Skårelva er spesiell fordi den er så samanhengande visuelt leseleg frå fjorden og til fjella og syner korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet. Fylkesmannen rår i frå tiltaket på grunn av at det vil redusere landskapsverdiane i området og gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde som går frå fjord til fjell. MDG er i mot tiltaket på grunn av dei negative konsekvensane det får for friluftsliv og turistsatsing.

Friluftslivet i området er først og fremst knytt til at skiløparar om våren kjem ned til Skår etter topptur til Skårasalen. Kraftstasjonen vil vere noko av det første desse møter når dei kjem ned til fjorden etter at dei har kryssa Skårelva. Vassføringa vil etter ei ev. utbygging ofte vere sterkt redusert på denne tida av året. NVE meiner at ei utbygging av Skårelva vil vere uheldig for friluftslivet i området og vi legg noko vekt på dette forholdet.

NVE meiner at sjølve inntaket blir liggande noko skjult og legging av rørgata gjennom utmark og dyrka mark gjer at desse anleggsdelane kun vil få kortvarige og små konsekvensar for landskapet. Fråføring av vaten derimot, vil etter NVE sitt syn få store og permanente konsekvensar i eit landskap som er svært eksponert og av nasjonal verdi. Fjordlandskapsrapporten har vurdert Skårelva til å ha stor inntrykksstyrke og at utbygginga vil utgjere eit middels til stort bidrag til den samla belastninga på fjordlandskapet. NVE er samd i denne vurderinga og har lagt stor og avgjerande vekt på dei negative konsekvensane tiltaket vil få for fjordlandskapet i Hjørundfjorden.

Indre Trandal kraftverk: Hovudalternativet til Indre Trandal kraftverk er planlagd med vassveg i fjell i øvre del. Frå kote 150 og ned til kraftstasjon på kote 3 skal vassvegen gravast ned. Vassvegen i øvre del vil ikkje vere synleg, medan tunellpåhogget og den permanente vegen som er planlagd i svingar vil

bli synleg frå fjorden. Desse inngrepa vil, etter NVE sitt syn, bli liggande relativt nærme eksisterande inngrep og ved ein ev. konsesjon kan ein setje vilkår som vil kunne avbøte dei negative konsekvensane for landskapet i tilstrekkeleg grad.

Inntaket på kote 580 skal ligge i ein fjelldal som fleire av høyningspartane har påpeika er open og urørd. NVE meiner at dei tekniske inngrepa ved inntaket i eit sårbart høgfjellsområde vil vere uheldige og har lagt noko vekt på dette forholdet i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.



Figur 3 Indre Trandalselva (foto frå søknad)

Fråføring av vatn frå denne svært eksponerte strekninga av Indre Trandalselva har møtt stor motstand i høyningsrunden på grunn av konsekvensane det vil få for eit sentralt landskapselement i Hjørundfjorden. Søkjar har foreslått å auke minstevassføringa frå 113 l/s til 200 l/s på dagtid i juni, juli og august. Sjølv med dette meiner NVE at vassdraget vil miste mykje av sin verdi som landskapselement.

Tiltaket vil, etter NVE sitt syn, stride mot OED sine retningslinjer om at ein bør unngå inngrep som fører til bortfall eller vesentleg reduksjon av verdifulle landskapselement av nasjonal, regional eller lokal betydning. NVE har lagt avgjerande vekt på konsekvensane hovudalternativet vil få for eit verdfullt landskapselement og meiner at dei samla negative konsekvensane tiltaket har for landskap er svært store. I tillegg vil dei landskapsmessige konsekvensane ved redusert vassføring og etablering av inntak i Litledalen redusere området si betyding for friluftsliv. Dette er av noko betydning i NVE si vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Alternativ 2 med inntak nedanfor synlege fossefall vil bli lite synleg frå fjorden og kun ein kortare ny veg til inntaket må byggast. Rørgata skal gravast ned på heile strekninga, men vil bli liggande i og nær område som allereie er prega av inngrep. NVE meiner at dei negative konsekvensane av dei tekniske anleggsdelane til alternativ 2 blir små og at dei i stor grad kan avbøta med vilkår ved ein ev. konsesjon.

## Lokal straumforsyning

Søkjar har lagt vekt på at ei utbygging av Skår kraftverk vil føre med seg ei ny og tryggare straumforsyning til den veglause bygda ved at den vil krevje legging av ein 22 kV sjøkabel til Sæbø som då vil erstatte ein 1 kV kabel av eldre dato. Kommunen ser positivt på at grunneigarane sjølve tek ansvar for straumforsyninga til Skår. FNF Møre og Romsdal meiner at det bør vere storsamfunnet sitt ansvar å sørge for straumforsyninga. NVE vil påpeike at områdekonsesjonær har leveringsplikt og vi har derfor ikkje lagt vekt på dette forholdet i vår vurdering av konsesjonsspørsmålet.

## Produksjon og kostnader

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søker sine eigne berekningar.

## Samfunnsmessige fordelar

Ei eventuell utbygging av Skår kraftverk vil gje 6,35 GWh i eit gjennomsnittsår. Denne produksjonsmengda reknast som normalt for eit småkraftverk. Småkraftverk utgjer eit viktig bidrag i den politiske satsinga på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gje inntekter til søker og grunneigarar og generere skatteinntekter. Vidare vil Skår kraftverk styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å oppretthalde lokal busetnad.

## Oppsummering

Ørsta kommune rår til at løyve blir gjeve då dei er positive til at fossen blir urort og at søker tek ansvar for straumforsyninga til Skår. Fylkesmannen i Møre og Romsdal rår frå løyve på grunn av konsekvensane for landskapet. Slepp av minstevassføring gjennom dei grove lausmassene gjer at elva ikkje blir synleg på utbyggingsstrekninga. I tillegg vil tiltaket føre til tap av INON i eit prioritert fjord-fjell område. Møre og Romsdal fylkeskommune saknar kartlegging av kulturminne og kulturmiljø og meiner det er eit stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet. Fylkeskommunen meiner det er avgjerande at utbyggingane ikkje skadar Hjørundfjorden som eit viktig reiselivsmål ved å redusere vassføringar i viktige landskapselement og syner til satsinga på hurtigruteanløp i Hjørundfjorden.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) i Møre og Romsdal er negative til planane og rår frå løyve på grunn av dei store negative konsekvensane for landskap og den samla belastninga av kraftutbygging på fjordlandskapet. Vassdraget er spesielt fordi det er så samanhengande visuelt leseleg frå fjorden til fjella omkring. Lausmassane i elveløpet fortel korleis vatnet, isen og snøskreda har forma landskapet. Sjølv om den nedre delen av Skårelva er lite synleg i tørre periodar, meiner FNF den er viktig for landskapet. FNF meiner det bør vere storsamfunnet sitt ansvar å sørge for straumforsyning til Skår. Miljøpartiet De Grønne (MDG) Ørsta/Volda er negative til utbygginga fordi dei meiner den vil gå på tvers av friluftslivsinteressene og turistsatsinga i området. Tussa Nett AS opplyser om at utbygging føreset legging av ny sjøkabel på 4 km frå Sæbø til Skår.

NVE meiner at sjølve inntaket blir liggande noko skjult, og legging av rørgata gjennom utmark og dyrka mark gjer at desse anleggsdelane ikkje vil få store konsekvensar for landskapet. Fråføring av vatn derimot, vil etter NVE sitt syn få store konsekvensar i eit landskap som er svært eksponert og av nasjonal verdi. Fjordlandskapsrapporten har vurdert Skårelva til å ha stor inntrykksstyrke og at utbygginga gjev eit middels til stort bidrag til den samla belastninga på fjordlandskapet. NVE er einige i denne vurderinga og har lagt stor og avgjerande vekt på dei negative konsekvensane tiltaket vil få for fjordlandskapet i Hjørundfjorden. I tillegg har vi lagt noko vekt på at utbygging av Skårelva vil vere ueheldig for friluftslivet i området.

## NVE sin konklusjon

**Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne fråsegnene meiner NVE at ulempene ved bygging av Skår kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt.**

På grunn av tungtvegande grunnar for avslag har ikkje NVE vurdert tiltaket sin konfliktgrad i forhold til andre allmenne interesser, som til dømes biologisk mangfald, kulturminne og rasfare. Vurderingane knytt til landskap/friluftsliv/turisme er åleine nok til å konkludere med at NVE ikkje kan gje løyve til Skår kraftverk.

Andre forhold som er teke opp av høyringspartane gjeld i større grad krav til vilkår og avbøtande tiltak eller andre forhold som ikkje er avgjerande for vår konklusjon. Grunna avslaget er ikkje desse drøfta her.